

## F8 Sentrale, regionale og lokale styresmakter må følge opp naturavtala

**Framleggsstillar:** Frå Åsmund Berthelsen, Sunnfjord SV og Miljøpolitisk ansvarleg i Vestland SV

Ta naturavtala på alvor og stopp planar om Hordfast og vindindustri i fjellheimen i Vestland!

Verda har ei naturkrise og ei klimakrise. SV meiner at klimakrisa ikkje vert løyst med å byggje ned og øydelegge meir natur, redusere naturmangfaldet og sette økosystem i fare. Det er tvert om. Meir nedbygd og øydelagt natur vil forsterke klimakrisa.

Klimautsleppa er store frå natur som vert øydelagt fordi areal vert nytta til store motorvegar, hyttebygging, vindindustri og meir. Men dei vert ikkje rekna med når klimabudsjetta vert sett opp. Utsleppa frå øydelagt natur er mesta like store som dei utsleppa olje- og gassindustrien skal kutte.

Naturkrisa har også nådd Vestland. I januar 2023 skreiv BT-magasin om masseutrydding av artar også på Vestlandet. Det understrekar alvoret i naturkrisa. Og aldri før i menneska si historie har så mange artar i verda vore truga av utrydding.

Verdas land vedtok rett før nyttår ei naturavtale der det var semje om fleire viktige tiltak for å verne meir natur både på land og i havet – samt å restaurere øydelagt natur. Konklusjonen var klar: Vi kan ikkje øydelegge meir natur!

Vestland SV meiner at både sentrale, regionale og lokale styresmakter må ta kampen mot ytterlegare naturtap på alvor, og leggje avgjerande vekt på dette i viktige einskildsaker som vegbygging, bygging av hytter/fritidshus, næringsareal, bustadbygging, og bruk av natur til utbygging av vindindustri. Spesielt meiner Vestland SV at planane om firefelts motorveg og bru over Bjørnafjorden (Hordfast) er klart i strid med naturavtala, og planane må skrinleggast. Dette vil vere mellom dei største naturinngrepa i nyare tid i Vestland.

Vestland SV meiner det ikkje må opnast for meir vindindustri i fjellheimen og årsmøtet seier eit klårt nei til planane som er lagt fram for vindkraftutbygging i Snøheiaområdet mellom Sunnfjord og Høyanger, og i Stølsheimen og Matrefjella i Nordhordland.

Vestland SV meiner det same no som då Vestlands fylkesting etter framlegg frå SV samrøystes vedtok: «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. Vindkraft til havs skal utviklast i samråd med

havbruk- og fiskeriinteressene.» Fleire kommunar har gjort tilsvarende vedtak. Kommunane og fylkeskommunen bør alt no seie klårt nei til vindindustri i fjellområde.

Gjennom naturavtala har Norge forplikta seg til å verne 30 % natur både på land og i havet, restaurere, og sikre 100 prosent berekraftig bruk. Å restaurere den økologiske balansen i havet krev målretta tiltak. Det er svært viktig å få havet attende i balanse. Difor meiner Vestland SV at det er naudsynt å stanse overfiske, hindre forureining og verne sårbare artar og leveområde. Det må mellom anna verte forbod mot å dumpe gruve slam i sjø og fjordar. Vestland SV krev at ny driftsplan for mineralprosjektet til Nordic Mining ved Førdefjorden vert pålagt full ressursutnytting og null utslepp til sjø.

Det vert krevjande å handtere summen av alle dei nye planlagde aktivitetane i norske kyst- og havområde. Kunnskapsgrunnlaget om kva effektar desse kan få for havmiljøet, fugle- og fiskebestandane og naturmangfaldet er svakt og har store manglar. Dersom dei nye marine satsingane ikkje bygger på kunnskap, og at det ikkje vert lagt opp til betre samordning av arealbruken til havs, kan utviklinga trugete både havmiljøet og framtidig matforsyning.

Vi treng ei god, forskingsbasert forvaltning av havet og ressursane der. Vi treng og effektive forvaltningsprosessar. Å restaurere den økologiske balansen i havet krev målretta tiltak. Vi må bringe havet, og dermed verda, attende i balanse. Vi må stanse overfiske, hindre forureining og verne sårbare artar og leveområde.

### **Fylkeskommunen og kommunane**

Fylkeskommunen og kommunane har ei sentrale rolle i å følgje opp naturavtala i arealplanlegginga. Fylkeskommunen må ta ei koordinerande rolle og medverke til regionale planar for å redusere klimautslepp, tilpasse til klimaendringar og stoppe tap av natur.

For at kommunane skal ta denne viktige rolla er det naudsynt med statleg finansiering av miljøkompetanse i kommunane og eit inntektssystemet må premierer klima, miljø og naturvenleg arealbruk. Det må også vurderast å innføre ei naturavgift for å få utbyggjarar til å ta klima- og naturomsyn.

SV meiner at kommunane må lage naturrekneskap og legge arealnøytralitet til grunn i arealpolitikken. Eit naturrekneskap må vere i balanse eller i pluss. Rekneskapen skal syne tilstanden og ha konkrete mål for å betre den, ta vare på naturtypar og sikre økosystema. Det må også vere klimarekneskap i alle arealplanar. Desse må inkludere karbonopptak og utslepp frå nedbygd og øydelagt natur.